

Notat

Til:

Frå: Hanne Espe

Referanse
2014/533-1

Dato
08.01.2014

Vinteraktivitetsdag på Sjusete skisenter 20. februar 2014 for menneske med funksjonshemming

Regelbunden fysisk aktivitet er avgjerande for funksjonsnivå og livskvalitet. Mange får tilbod om fysisk aktivitet gjennom medlemskap i frivillige organisasjoner, medan andre fell utanfor desse tilboda. I dette ligg det at enkelte menneske har trøng for særskild tilrettelegging i høve til fysisk aktivitet.

Gjennom gjeldande fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, har Hordaland fylkeskommune ei særskild satsing på m.a. denne målgruppa. Målet er å skape ein aktiv kvardag for personar med funksjonshemming/utviklingshemming gjennom eit samarbeid om folkehelse med kommunar og frivillige organisasjoner.

Vinteraktivitetsdagen på Sjusete er eit samarbeid mellom;
Kvam herad, Os kommune, Norheimsund vidaregåande skule Norheimsund Røde kors,
Sjusete idrettslag, Hordaland Skikrets og Hordaland fylkeskommune.

Fokus er på ulike vinteraktivitetar: langrenn, hundespann, skileik, kanefart og aking. Vi legg til rette for at alle skal få ei fin oppleving ut frå sitt funksjonsnivå. **Aktivitetsdagen 2014 er lagt til torsdag 20. februar.** Aktivitetane tar til klokka 10.30 og vert avslutta om lag klokka 14.00. Det vert servert varm lunsj til alle som er med. Dei seinare åra har det vore om lag 100 deltagarar pluss ledsagarar.

Det er ønskjeleg at ein representant frå Kultur og ressursutvalet opnar Vinteraktivitetsdagen og er med og deler ut medaljar til deltakarane.

Med helsing

Hanne Espe
Rådgjevar